

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 28.06.2017

Vår ref.: 201700641-10

Arkiv: 311

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Arnljot Einride Strømseng

22959757/aes@nve.no

Rein Erik Bore - Søknad om løyve til uttak av vatn frå Figgjoelva til vatning av landbruksareal - høyring

NVE har motteke søknad frå Rein Erik Bore, datert 21.03.2017, om løyve til uttak av vatn frå Figgjoelva i Klepp kommune.

Rein Eirik Bore søker om løyve til uttak av vatn til vatning av landbruksareal tilhøyrande eigendom gnr./bnr. 44/5, med eit areal på ca. 500 da. Uttaket skal etablerast i Figgjoelva som er eit verna vassdrag. Det skal etablerast eit pumpehus med avleiingsrøyr og ein kum. I kummen etablerast ei pumpe med maksimal kapasitet til å pumpe 18,3 l/s (1584 m³/døgn) som skal pumpe vatn ut i eit nedgrave leidningsnett. Uttaket er berekna til å bruke 3,2 % av alminneleg lågvassføring.

Søknaden skal behandlast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Anders Bore på tlf. 91 82 02 26 eller e-post: mail@andersbore.com

Vi ber Klepp kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentlig ettersyn på Klepp bibliotek fram til **04.09.2017**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at uttalar vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd og seinast innan **04.09.2017**. I tillegg kan ein sende uttalar per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81

7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18

8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B

6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Arnljot Einride Strømseng
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Mottakerliste:

Bore Vatningslag v/Ove Magne Aase
Fylkesmannen i Rogaland
Klepp kommune
NJFF Rogaland
Rogaland fylkeskommune

Kopi til:

Anders Bore